

Hei,

I samband med kommuneplanen som ligg ute til høyring, vil vi i Utdanningsforbundet ved Rossland skule gjerne få kome med ein kommentar.

Vi meinar det burde kome klart fram i kommuneplanen kva kommunen tenkjer kring symjeopplæring for borna våre. På folkemøte på kommunehuset vart det påpeika frå mellom anna ordførar at skulane treng utbygging, men Rossland skule vart ikkje nemnd. Det er godt kjent at bassenget ved skulen er i dårleg forfatning, og det må før eller seinare investerast monaleg for å kunne halde fram å ha symjing for elevane ved Rossland og Vestbygd skule. Det har blitt anslått å ville koste opp mot 30 million å setje bassenget ved Rossland skule i forskriftsmessig stand etter dagens krav.

Korkje i arealplanen eller i samfunnsdelen av kommuneplanen blir denne saka berørt. Eg skulle tru at ei eventuell utbygging av symjebasseng ved Rossland skule vil medføre inngrep som burde vore nemnde, sidan det verna Rylandsvassdraget renn like ved. I samfunnsdelen blir det snakka om folkehelse, samfunnstryggleik og livskvalitet. Burde ikkje ei så aktuell investering/utbygging, som truleg må gjennomførast i levetida til den nye kommuneplanen, bli teken opp? I det minste burde det stå noko om at symjeopplæringa ikkje skal gå føre seg på Rossland skule, men til dømes flyttast.

Det kan sjå ut som det ikkje finst noko plan når det gjeld symjebasseng, og det meiner vi er uheldig og ein mangel ved kommuneplanen 2014-25.

Med venleg helsing

Utdanningsforbundet ved Rossland skule